


Fiskeri og Kystdepartementet,

Postboks 8118 Dep,

0032 Oslo.



Høyringsuttale til :

"Framlegg til føresegner om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden."

Me viser til høyringsbrev og framlegg til føresegner frå FKD av 18.8.-09.


Me viser også til høyringsuttale med vedlegg frå Etne Kommune , og gir denne vår fulle støtte.

I tillegg vil me understreka fyljande:

- 1 Prinsippet om miljømessig bærekraft i samsvar med måla i FKD sin eigen strategiplan må vera det grunnleggande og "føre var " prinsippet må verta tydelegare. Framlegget vil berre i liten grad ha betydning for villfisken i området.
- 2 Dagens volum er langt over tålegrensa for fjordsystemet og må reduserast monaleg. Allerede i 2004 konkluderte ei forskargruppe opnemd av Fiskeridirektoratet med at den totale biomasse i fjorden var over grensa for bærekraft. I 2004 var volumet om lag halvparten av dagens. Samtidig etterlyser me den faglege grunngjevinga for at ein reduksjon av den tillatne biomassen frå 70.000 t. til eit frysnivå på 50.000 t. vil vera tilstrekkeleg for å få ei bærekraftig oppdrettsnæring i Hardangerfjorden. Mengda har ikkje nokon gong vore høgare en ca. 48.000 t. Kjende forskarar med Bjørn Barlaup i spissen uttalar at dersom forslaget til forskrift vert ståande uendra er det einstyddande med at dei ville laksestammene og sjøauren i Hardangerfjordsystemet vert utrydda innan kort tid.
- 3 Utviklinga den siste tida med dramatisk auke i mengda av lakselus understrekar behovet for strengare tiltak mot lakselus straks. Mattilsynet sit framlegg om periodisk total brakklegging av fjorden må gjennomførast.
- 4 Framlegg frå m.a. Fiskeridirektoratet og Mattilsynet om klare miljømål og konkrete tiltak må presiserast og takast med i forskrifta..  
  
Likeins må det settast klare tidsfristar for gjennomføring av tiltak og miljømål, og varslast allerede no om nødvendige tiltak dersom måla ikkje vert nådde.
- 5 Det må klart framgå av forskrifta at det er forureinar som må betala og at det er oppdrettsnæringa som vert ansvarleg for å hindra rømd oppdrettslaks i å gå opp i elvane , og å fjerne denne frå gyteplassane til villfisken.

Me viser til vedlagte kopiar av tidlegare brev til Dep.om saka der me også beskriv kva tiltak som me lokalt på eige initiativ har gjennomført for å fjerna rømd oppdrettslaks og for å sikra ein tilstrekkeleg gytebestand.

Etne,16.11.-09.

  
Etne Elveigarlag